



Frå jentesamlinga på Fanahytten. Andrea Hjelmeland framme til venstre.

**Sist helg var 3 av dei lovande langrennsungdommane frå Uskedalen på kretssamling. Andrea Hjelmeland deltok på samling for jenter frå 13 til 16 år i Bergen. På denne samlinga var også Kari Eide frå Rosendal TL med. Johannes Haugland og Solveig Haugland var på juniorsamling på Voss. Der var også rosendelingen Henrik Bauge.**

Samlinga som Andrea Hjelmeland deltok på, hadde base på Fanahytten, og Fana Langrenn hadde arrangementsansvaret. Til saman deltok 27 jenter. Samlinga hadde eit program med variert og godt innhald. Det var mellom anna rullestokker, elghufs, superbowl, myrløp, kulturkveld og anna på den kjekke og utviklande samlinga.

Bilete og meir omtale frå denne samlinga [finn de her](#).

Rapportane frå juniorsamlinga på Voss fortel om ei skikkeleg god samling. Programmet inneheldt variert og god trening, mange tips og sosiale aktivitetar. Sjølv om veret til tider var litt guffent, sette det ikkje nokon dempar på deltakarane. Her var det ingen sure miner å registrera.

Frå samlinga på Voss finn de bilete og omtale [ved å klikka inn her](#).

Det er svært verdfullt at ungdommane reiser ut på slike samlingar og hentar impulsar og inspirasjon samstundes som dei knyter kontaktar.

Her heime går dei faste treningane fordelt på tre aldersgrupper kvar veke. Frammøtet er godt. I siste del av november er det klart for helgesamling for heile skigruppa på Korlevoll. Då skal dei bu på Korlevollshytta, og skigruppa står sjølv for heile opplegget med både trenarar og arrangørstab elles. Sjølvsaft håpar dei også på at snøen er komen på Korlevoll då, men uansett vert det heilt sikkert ei kjekk samling.



Frå juniorsamlinga på Voss

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Arrangørane